



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		

Vegnamn i Midtveit bustadfelt i Haukeli


Vedlegg

- 1 Vinje kommune – namn på ein ny veg i Haukeli – tilråding.pdf

Dokument i saka

Bakgrunn

Det er behov for eit vegnamn/adressenamn på ein veg i reguleringsplanen for *Midtveit bustadfelt og Bora flaumløp*. Bustadfeltet er regulert, men ikkje bygd ut enno. Kommunen har i samråd med grunneigar Knut Arne Midtveit framlegg om vegnamnet Midtveitvegen. Det samsvarer med namnet på reguleringsplanen, og kjem av eit gardsnamn i nærleiken.



Figur 1. Utsnittet viser reguleringsplanen Midtveit bustadfelt og Bora flaumløp med den aktuelle vegen merkt i raudt.

Framlegget *Midtveitvegen* vart sendt til Språkrådet 08.12.2025 for vurdering av skrivemåte. Språkrådet har ingen merknad til skrivemåten.

Språkrådet sendte si vurdering 22.12.2026, der dei tilrår skrivemåten *Midtveitvegen* i tråd med framlegget:

Saka gjeld namnsetjing av ein veg på garden Midtveit (gnr. 91) i Vinje kommune. Det er føreslege å gje vegen namnet Midtveitvegen. Med utgangpunkt i den plasseringa namna Midtveit og Øvre Midtveit har på nettsida Norgeskart, verkar det rimeleg å tenkje at den aktuelle vegparsellen ligg rimeleg sentralt på garden. Vegen som fører til gardstuna på Midtveit, er ein gjennomgangsveg som går vidare til garden med namnet Utgarden, og denne vegen er tidlegare gjeven namnet Utgardsvegen. Det tykkjest å vere grunnlag for å late nyevegen på Midtveit få namn etter gardsnamnet. Me har ingen merknader til skrivemåten Midtveitvegen. I SSR er primærnamnforma Midtveit registrert som ei eineform.

Når det gjeld bruk av Midtveit- som utmerkingsform i det avleidde vegnamnet, kan ein jamføre med den parallelle SSR-registrerte namneforma Midtveittjønni, som då er knytt til eit lite vatn som ligg like utom gardsvaldet åt garden Midtveit. (Me syner her til punkt 6 i Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn. Der står det blant anna: «Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen. [...] Når det er tale om nylaga stadnamn (til dømes brunamn, tunellnamn og adressenamn), bør ein ta omsyn til det samansetjingsmønsteret som er nytta i den lokale munnlege stadnamntradisjonen.»)

Så langt me kan sjå, er forma Mid(t)tveitvegen (/ -veien) ikkje teken i bruk som vegnamnform tidlegare nokon stad i landet.

Kommunedirektøren rår til å vedta vegnamnet *Midtveitvegen*.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Jf. stadnamnlova § 7 fyrste ledd og adresseforskrift for Vinje, Telemark § 2, vedtek Plan- og miljøutvalet vegnamnet *Midtveitvegen*. Kommunen syter for oppsetting av vegnamnskilt. Kommunestyret har vedteke føresegnar om oppsetting og kostnad for husnummerskilt. Kommunen kjøper inn husnummerskilt og sender dette ut til alle husstandar. Kvar huseigar må sjølv setje opp skiltet.